

Poon Tip`s Thai take-away opnar for sesongen.

18.03.2016



Pornthip Pomngern og Ivar Nesse er klar for ny sesong, og snart er ny og større vogn på plass.

I dag, fredag, har Poon Tip`s Thai take-away ved Gamleskulen opna for sesongen, og dermed vert det råd å få kjøpa thaimat i Uskedalen att. Om ca. 3 veker vert det også forandring på tilbodet. Då vert noverande kjøkkenvogn erstatta av ei ny og større vogn. Det gjev betre plass under matlaginga.

Pornthip Pomngern fortel å menyen er om lag lik som i fjorårssesongen, men ho lokkar med ein ny rett som ho anbefalar. Det er svinekjøtt i rød curry med kokosmelk, druer, ananas og grønnsaker.

Denne helga har dei oppe fredag, lørdag og søndag. I påsken opnar dei skjærtorsdag og held oppe til og med 2.påskedag. I vekene etter påske vert det oppe frå torsdag til søndag. Alle dagar er opningstida frå kl.15 til kl.21.

Eigarane ser no fram til at dei skal få ei ny og større kjøkkenvogn på plass. Den er no under produksjon i Polen, og den vert laga etter mål og ønskje frå Pornthip. Ho ser naturlegvis fram til å kunna ta den i bruk, for då vil ho og medarbeidarane få ein større og betre arbeidsplass.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland